



Roy William Ottemo  
Holsbergstien 6  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3446 - 21/38735

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
08.06.2021

## **Ber om tilbakemelding på mogleg ulovleg tilfelle på eigedomen din - gbnr 353/26 Bratshaug**

**Tiltak:** Oppføring av anneks til hytte  
**Byggjestad:** Gbnr 353/26 Bratshaug  
**Tiltakshavar:** Roy William Ottemo

### **Saka gjeld**

Kommunen er kjent med at på din eigedom vert det oppført ein bygning som kommunen vurderer kan vere eit anneks til hytte. Vi kan ikkje sjå at tiltaket er søkt om og godkjent.

### **Arbeidet kan vere søknadspliktig**

Vi gjer merksam på at oppføring av anneks er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova. Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva arbeid som er utført, slik at vi kan få klarlagt dei faktiske forholda.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i fyste omgang om utgreiing av tiltaket.

### **Kva må utgreiinga innehalde?**

Du må greia ut om dei arbeid som er utført. Vi ber også om at du legg ved bilete som støttar utgreiinga.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller per post:

Alver Kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

**Frist for utgreiing er 08.07.2021.**

### **Anvendt regelverk**

Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/3446**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Roy William Ottemo

Holsbergstien 6

5918

FREKHAUG